

Saksprotokoll i fylkesutvalet – 23.02.2017

Roald Kvamme (A) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han sit i representantskapen for HOG Energi, og

Pål Kårbø (KrF) stilte spørsmål om han var inhabil sidan han har møtt på eit representantskapsmøte i HOG. Han er ikkje medlem eller varamedlem.

Kvamme og Kårbø gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile.

Stein Inge Ryssdal (H) gjorde framlegg om **Benthe Bondhus (Sp)** som setjefylkesordførar. Fylkesutvalet slutta seg samrøystes til dette. Bondhus leidde møtet under vurderinga av om Kvamme og Kårbø var inhabile.

Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Roald Kvamme var inhabil, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Pål Kårbø ikkje var inhabil etter forvaltningslova § 6, 1. og 2. ledd.

Pål Kårbø tiltredde saksbehandlinga.

Roald Kvamme gjekk frå under behandlinga av saka. Kjell Håland møtte for Kvamme i saka.

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette på vegner av H, Frp og V fram slikt forslag:

«Nytt punkt 4:

Ber om at fylkesutvalet får tilbake sak om fordeling av 2,3 millionar i ekstra midlar, jfr. orientering frå fylkesrådmannen.»

Mari Klokkestuen Kjellesvik (A) sette fram slikt forslag:

«Endringsforslag til punkt 1, kulepunkt nr. 11:

- Bergen Vitensenter kr 3 500 000

Tillegg til punkt 2:

- GCE Subsea kr 275 000
- NCE Tourisme Fjord Norway kr 175 000
- NCE Media kr 175 000
- NCE Maritime Cleantech kr 175 000
- NCE Seafood Innovation Cluster kr 225 000”

Mari Klokkestuen Kjellesvik trekte forslaget sitt.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 – unnateke punktet om HOG Energi – vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 – punktet om HOG Energi – vart vedteke mot 2 røyster (SV, MDG).

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 og 3 vart samrøystes vedteke.

Bjørkly sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet vedtar slik støtte til næringsretta utviklingsaktørar over budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar» for 2017
 - Fjord Norge AS kr 3 000 000
 - Reiseliv: fellesoppgåver kr 1 010 000
 - Regionråda i Hordaland kr 1 012 000
 - Western Norway Film Commission kr 500 000
 - Mediefondet Zefyr AS kr 900 000

- Maritimt Forum Bergensregionen kr 450 000
 - Design Region Bergen kr 450 000
 - Nordiske mediedager kr 200 000
 - HOG Energi kr 750 000
 - Impact Hub Bergen kr 526 000
 - Bergen Vitensenter kr 3 000 000
 - Connect Vest kr 500 000
2. Fylkesutvalet vedtar slik støtte til næringsretta utviklingsaktørar over budsjettet Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2017:
- Atheno kr 683 000
 - Nyskapingsparken Inkubator kr 683 000
 - Industriutvikling Vest kr 683 000
 - Ungt Entreprenørskap i Hordaland kr 400 000
 - Mediaregion Bergen kr 350 000
 - Matarena AS kr 200 000
3. Ordninga med næringsretta partnerskapsmidlar vert gjennomgått av fylkesrådmann og eit framlegg til ei søknadsbasert ordning vert fremja til politisk handsaming våren 2017.
4. Ber om at fylkesutvalet får tilbake sak om fordeling av 2,3 millionar i ekstra midlar, jfr. orientering frå fylkesrådmannen.